

## Lokallagsskolen

Vi bygger bondelaget.

### Del 1.

Kurshaldar: Brita Skallerud er kårkjering på Kløfta i Akershus, men er framleis aktiv i drifta. På garden vert det drive med mjølk, kjøt og Inn på tunet. Garden er på 600 daa grasareal, og i fjor vart det kun hausta 150 rundballar på grunn av den ustabile vær-situasjonen. Skallerud har vore tillitsvald i Bondelaget i mange år, tillitsvald i forsvaret og sit framleis som tillitsvald i Gjensidigestiftelsen. Som seg hør og bør har ofte ein tillitsvald fleire verv i styre og stell.

I organisasjonsarbeid er det viktig å dra med alle.

Bondelaget vart stifta som Norsk landmandsforbund i 1896:

- Stateleg, næringspolitisk og partipolitisk uavhengig organisasjon.
- Kontingent-finansiert organisasjon, og får ikkje noko statleg støtte.
- Arbeidar for å sikra landbrukets rammebetingelsar.
- Ca. 63500 medlemmar.
- 60% av norske bønder er medlemmar
- Med over 500 lokallag, 18 fylkeslag, har bondelaget stor gjennomslagskraft.
- Bondenæringa er ein av dei best organiserte næringane i landet.

Det er viktig å ha takhøgde for ulike meiningar, diskutera og å koma fram til felles einigheit.

Ein har mykje større slagkraft når ein kan gå saman fram mot eit felles mål.

Døme på slike felles mål:

WTO marsjen i 2005 frå Stjørdal til Geneve.

Bålaksjon 2017.

Lokallaga er ein forutsetning for å ha ein demokratisk organisasjon.

Ditt engasjement og di tru, teller! :-)

Lokallaga gjev yrkessosialt fellesskap.

Lokallaget skal vera ein bidragsytar til at me tar vare på våre yrkes like-damer og menn.

Som tillitsvald:

- Set du deg inn i saker og ikkje ver redd for å meina noko.
- Får ein plikt/ansvar.
- Er det potensiale til å utvikla seg, lokallaget, heile organisasjonen og landbruket.
- Ein kan påvirke politikarar, forbrukarar og andre bønder.
- Ein byggjer nettverk.

Ein leiar må vere flink til å fordele oppgåver.

Om styret lagar eit arbeidsprogram, så kan det vera smart av styremedlemmar å vera positive til arbeidsoppgåver og gjerne ta initiativ å velja arbeidsoppgåver frivillig. Slik er det gjerne lettare å få ei arbeidsoppgåve/er som passar betre, eller som gjerne er ynskjeleg å ha.

Av og til kan det vere greit å ta nokre utfordringar ein ikkje har teke før. Slik lærer ein og blir betre.

Å vera tillitsvald handlar også om å bli kjent og læra å kjenna sine naboar og kolegaar.

Eit vel fungerande lokallag tar ansvar. Rekrutering er b.l.a. viktig.

Minimum Skal Oppgåver for eit lokallag er: Årsmøte og aksjonsberedskap.

Styret skal sørge for:

- Lagets økonomi, med årsrekneskap og revisjon.
- Ha kommunikasjon med fylkeslaget.
- Ha kommunikasjon med lokallagets medlemmar.
- Opna e-post og vera oppdatert.
- Utretta aktivitet.
- At alle verva vert besett; Leiar, nestleiar, sekretær, kasserar, studieleiar, verve ansvarleg, gjerne skule kontakt og hms kontakt.

<b>Ledelse</b>	<b>Glidande overgang mellom oppgåver.</b>	<b>Administrasjon</b>
<b>Sette mål</b>		<b>Organisera</b>
<b>Strategiar</b>		<b>I gang setta</b>
<b>Formulera budskap</b>		<b>Informera</b>
<b>Motivera</b>		<b>Kontor Arbeid</b>

Ein bør ha klart for seg kva styremøte skal vera. Om det skal vera syklubb eller styremøte. Det bør fastsettjast tid, frå og til. Kor lenge møtet skal vara.

Det er viktig å ha det årlight på møte. At det er rom for trivsel.

Det er viktig å ha ein god møteleiar. Og at ein har ei saksliste, som gjerne vert sendt ut på sms på førehand.

Det bør arrangerast medlemsmøter.

Ting som kan vera viktige å ta opp: Kva er god dyrevelferd eller korleis skal maten lagast i framtida.

Omdømme: Me har omdømme-ansvar. Ver sakleg.

Landbrukspolitikk.

Mat er ei stadsavhengig handelsvara og kan ikkje sentraliserast i håp om å få større einingar og høgare produksjon. Dette er fordi sentrumsnær jord allereie er i bruk til produksjon av mat. Sentralisering gjer at det vert færre bruk og at meir areal jord går ut av drift.

Landbruket skapar ca. 100 000 landbaserte arbeidsplassar.

Om ein har behov for landbruksstatistikk er Agrianalyse eit godt hjelpemiddel ein kan bruka.

I tillegg har Landbruksråd Vestland i lag med Nibio laga produksjonstal og faktaark for alle kommunar. Eit A4 ark pr. kommune. Desse arka kan vera gode å bruka opp i mot politikarar og val. Eller andre som treng å informarast om statistikk lokalt i landbruket.

Bondelaget har ein politisk funksjon der grupperingar reiser på alle politiske høyringar som har med landbruket å gjere, slik at lovendingar og internasjonal politikk vert fulgt opp så godt som mogleg.

Bondelaget er ein organisasjon som fungerer og er ein av Noregs største lobby organisasjonar.

Landbrukspolitikken har 4 bærebjelkar.

- Importvern  
Tolltariffar  
Norge har ein av verdens opnaste handelsgrenser  
Artikkel 19 forhandlingar (EU forhandlingar)
- Juridiske verkemiddel  
Konsesjonsreglar, Bu og driveplikt, Mattryggleik og beredskap,  
Forskriftsendringar
- Hovudavtalen  
Jordbruksavtalen, forhandlar om intektsmoglegheiter
- Marknadsordning  
Marknadsregulering er til for bønder.

Lokallagets arbeid før og under jordbruksforhandlingane

1. Få fram medlemmane sine syn og krav.
2. Forankra bondelagets krav i medlemsmassen.
3. Forbereda organisasjonen på forhandlingane.
4. Opplæring i landbrukspolitikkk  
Skumlesa kravet frå staten. Ver PÅ under forhandlingane

Me er grunnfjellet.

Bygg kvarandre

Me produserer tross alt verdens viktigaste vare.

Mat.

Av: Kristoffer Nerhus,  
Leiar Ølve og Hatlestrand Bondelag.

19.02.19